

Referat frå styremøte i Røysaleite grendalag 28.04.20

Kl. 20-21.

Til stades: Mari, Ruthild, Hilde Katrine, Linn Sofie, Rune og Sindre.

1. Konstituering

Sindre Ramung blei konstituert som leiar, Linn Sofie Stavn Ugulen som nestleiar, Rune Røysum som kasserar og Mari Johansen Aune som skrivar for 2020.

2. Aktivitetar våren og sommaren 2020

- Male og setje i stand dukkestova i Dalhjellevegen: Dugnad. Linn Sofie.
- Felle grantrær i krysset under Elihaug: Utgår, ikkje støtte til tiltaket.
- Rydde fotballbana i Nilstræet og fikse dekket: Ventar på eksterne midlar
- Redskapsskur med kodelås: Byggje på dugnad. Byggesett, kjøpast inn snarast. Rune, Sindre.
- Bensindreven grasklyppar til fellesareala: Blir kjøpt inn snarast. Sindre.
- Brunsnegle-aksjon 2.0 med bryggeri-mask: Mari organiserer saman med Hilde Katrine, blir truleg i mai.
- Impregnere duk, olje stokkar og vedlikehalde saumar på lavvoen: Dugnad. Mari og Hilde Katrine, Sindre.
- Beising av leikeapparat, sandkasse og benkar: Dugnad. Ruthild.
- Sand til sandkassene. Sindre.

Mari organiserer rydding av vegetasjon med ein ansvarleg pr leikeplass.

Dugnadsgrupper på 5? Peike ut ansvarleg pr gruppe?

3. Søknadar

Vi har søkt Sparebanken Vest om gåvemidlar (kr 38.000). Ventar svar. Søkte også Sture Husabø's legat (kr 20.000). Fekk avslag. Søker også Sparebanken Sogn og Fjordane.